

Møtereferat

Dato: 24.11.2015

Emne:	Referat frå regionalt planforum Hordaland, 24.11.2015 - KU områdeplan Bømoen - Voss kommune	
Til stades:	Christian Hjelle	3RW arkitekter
	Hector Pina	3RW arkitekter
	Christian Alstad	Fylkesmannen i Hordaland
	Gudrun E. Stefansdottir	Fylkesmannen i Hordaland
	Åsne Hagen	Fylkesmannen i Hordaland
	Jomar Ragnhildstveit	Fylkeskommunen, klima og naturressursseksjonen
	Jan Nordø	Fylkeskommunen, klima og naturressursseksjonen
	Hanne Espe	Fylkeskommunen, kultur- og idrettsavdelinga
	Gunnbjørg Austrheim	Fylkeskommunen, fylkeskonservatoren
	Gunhild Raddum	Fylkeskommunen, samferdselsavdelinga
	Hildegunn Stenseth	Statens vegvesen
	Berit Marie Galaaen	Voss kommune
	Kjersti Næss Finne	Voss kommune
	Marit Rødseth	Fylkeskommunen, planseksjonen
	Per Nordmark	Fylkeskommunen, planseksjonen
Forfall:		Sak: 2014/13624-83
Møtetid:	Tysdag 24.11.2015 Kl 1000 – 1200	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Vestlandet

Møteleiar: Marit Rødseth, plansjef

Referent: Per Nordmark

Plansjef Marit Rødseth ønskte velkomen. Deltakarane presenterte seg. Føremålet med møtet var å presentera KU, med oppbygging og innhald, og få avklaringar i høve til om dette er korrekt, tilfredsstillande eller om det er feil eller manglar.

Christian Hjelle frå 3RW arkitekter presenterte kort planområdet og deretter dei ulike KU-rapportene. Det er utarbeidd 13 KU-rapportar, av desse var 10 sendt ut på førehand. Regionalt planforum kommenterte og stilte spørsmål til rapportane etter kvart som dei vart presentert.

SUMMARISK PRESENTASJON AV PLANARBEIDET

Planprogrammet definerer 23 tiltak som skal være underlag for planen.

Planen har fire delområde: Vest - Nord - Sør - Aust.

Det er tre utbyggingsalternativ for kvart område.

Det har vore aktiv medverknad i planprosessen.

På bakgrunn av dette er KU-rapportane laga med 3 utgreiingsalternativ: Lite utvikling – Middels utvikling - Stor utvikling.

FRILUFTSLIV

For friluftsliv og rekreasjon er nytta Håndbok M98-2013 (Miljødirektoratet) for kartlegging av friluftsverdi.

Idrettslag, idrettsråd og idrett og friluftsliv i Voss kommune har vore involvert i medverknadsprosessen. Det er laga eit skjema for kvart område. Kvart område er verdisett i samsvar med handboka.

Det er utarbeidd kart som viser inndeling av områdetypar. Kartet viser verdisettinga og verdiendringa.

Vurderingane av konsekvens er gjort for kvart av delområda og for kvart tema. Døme: Skog - ved aukande utbygging vert skogen redusert, og dette gir aukande negativ konsekvens.

Det grundige arbeidet som er gjort, den medverknad som har vore og den gode dialogen med kommunen er veldig positivt.

Det er utfordrande at KU er overlappande for ulike tema, med ulike vurdering av konsekvens for dei ulike tema.

Elva er verna vassdrag samtidig som den er viktig for friluftsliv og opplevingsverdi, t.d. kajakklubb i området. Dette er ivarettatt i KU der elva er verdisett og omtalt, og det er definert omsynssone.

Fallskjermhopping – er dette friluftsliv som skal visast omsyn? Dette bør vurderast under høyringa.

Inkorporering av idrett i tema friluftsliv. Her er det ønskjeleg med noko metodeskildring.

Det er viktig at grønne strukturar har nok volum/breidde.

BARN OG UNGES OPPVEKSTSVILKÅR

I medverknad har ein brukt barnetråkk og samarbeid med skulen.

Stor bustadutbygging i nærleik til Palmafossen skule kjem i konflikt med barn og unge sine oppvekstvilkår, og set krav om avbøtande tiltak, særleg i delområde Vest. Konkrete område bør ikkje byggjast ned. Det bør vera meir leikeplassar for born. Det bør og vera meir fokus på aktivitetsområde/folkehelse – nærfriluftsliv er viktig. Gå-avstand er eit relativt omgrep. Ved nybygging vil det vera ei relativt ung befolkning. Omsynet til friluftsliv kan bli undervurdert. Det er viktig å sjå friluftsliv i eit stort perspektiv – at det ikkje bør delast opp i område berre for born – men ha ein heilskapleg folkehelseprofil.

Det er ei metodisk utfordring å få til ei totalvurdering av forhold som er viktige for barn og unge. Det er likevel viktig at born og unge sine perspektiv kjem inn under dei ulike tema. Det er viktig i KU-utgreiinga å få analysert dei innspel som er kome frå barn og unge sjølv.

KLIMA OG HELSE – DELTEMA TRAFIKKSTØY

Område Nord får særleg stor trafikkbelastning ved alt. 3 - stor utvikling. Det er noko støysone grunna riksvegen utan ny aktivitet i Bømoen. Det vert «raud støysone» langs veg inn i Bømoen, aukande med grad av utbygging. Bømoen er alt i dag påverka av støy. Det er utfordrande for området som friområde. Jernbana gir støy, og flystøy er sentralt. Det er overraskande store støysoner langs veg ved utbygging. Dette kan kontrollerast med støyskjermer av ulik type, eller ved bygningskroppar som støyskjerming.

Det må setjast krav om støyskjermingstiltak ved utbygging.

Planen må forhalda seg til totalstøy. Det må og leggjast til grunn den bilparken ein har i dag, sjølv om endringar av bilparken kan gjera situasjonen betre i framtida.

Det vert viktig å finne dei rette måtane å avdempa støy. Bør ikkje bruka støyskjermer som vollar og støyveggar, men finna andre måtar. Vegetasjon er eit alternativ, det er og bygg. Ved utbygging vil støysonene verta annleis. Dette må ein ta omsyn til ved planlegginga. Med omsyn til støy er det på dette stadiet ikkje grunnlag for å gje signal om tiltak som ikkje bør etablerast.

KLIMA OG HELSE - FLYSTØY

Støyreducerande tiltak.

Både flyparken og tidspunkt for flyging, både på dag og årstid har verknad for berekning av flystøy – 10 alternativ er vurdert. Alternativ 0 er gjeldande konsesjon med 500 flygingar pr veke. Ein bruker ikkje heile konsesjonen i dag: 350 pr veke. Utgreiingar bør gjerast ut ifrå gitt konsesjon.

Flyttar ein flyging frå sommar til forsommar og haust gjev det redusert berekna støysone. Støysoner er ikkje i konflikt med skular og barnehagar og nye bustadområde. Endring av flytidspunkt gjer at ein får redusert utstrekning av støysonene. Utgreidde tiltak gjer at det kan verta sterk reduksjon i tal bustader innan støysone. Luftfartstilsynet gav siste konsesjon i 2012 for 10 år. Det er fylkesmannen som har mynde til å fastsetja grenseverdiar for støy.

Samspelet mellom rammer for flyging definert i planen og korleis konsesjonsmyndigheta vil forhalda seg til dette må avklarast gjennom planen.

Det bør óg vurderast flystøy ved auka aktivitet og utbygging og eventuelt ny konsesjon. Som del av medverknad bør en ha dialog med brukara av flyplassen som Fonnafly for å høyre nærmare om planar for framtida.

ENERGIBRUK OG ENERGILØYSINGAR

Det er ein stor grunnvassreserve i Bømoen og det vert føreslått å utnytta denne som energikjelde, nytta energibrunnar. Løysinga er tilrådd, men Voss kommune ser det ikkje som aktuelt å setja krav no. Det er fleire flisfyringsanlegg i Voss, men slike er ikkje konkret vurdert for Bømoen.

Straumforsyning er vurdert. Auka utbygging vil krevje etablering av ny tilførsle av straum. Ei hovudline er i konflikt og det er eit alternativ å leggja kabel i bakken. Regional klimaplan for Hordaland foreslår kabling på lågare spenningsnivå.

KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Det er ulike kulturminne i området. Dei gamle militærleirane/strukturen og enkeltbygg er verna/freda. Fleire er funne i sommar, mellom anna gravhaugar frå jernalder og hulveggar.

KU har utgreidd ulike måtar å etablere buffersoner og vegetasjon rundt gravhaugar. Det har vore god og detaljert dialog med Hordaland fylkeskommune v/fylkeskonservator i saka. Avgrensinga av omssynssoner er vurdert. Det er mykje positivt ved at her er det mulig å fortelja historia, inkludert gjennom bygg som kan byggjast opp att. Kulturminneomsyn er godt ivaretatt i KU-utgreiinga slik den ligg føre.

Fylkeskommunen peika på at bygga på Bømoen omtalast som å ha verneverdi, men bør omtalast slik disse nå er vedteke som freda bygg. Det er 28 freda bygg på Bømoen. Tidligere Landsvernplan følgde opp ved freding. Leirstrukturen på tidligere militærområde kan gi positiv effekt ved formidling og auka kunnskapsverdiar.

TRAFIKK

I dag er det 4300 ÅDT for fylkesvegen frå riksvegen ved Palmafossen og mot Bømoen.

Trafikkbelastning vil avhengja mykje av val av næringsområda. Det er lagt til grunn at her ikkje skal vera handel, men kontor og variert næring. Dessutan bustader og reiseliv.

Krysset mot R13 ved Palmafossen har kapasitet til 50 % auke, dvs. for alt. 1 og 2. Ved alt. 3 må det etablerast nytt kryss – rundkøyring.

Alle vegar må oppgraderast i høve til trafikkgrunnlaget, med fortau, gang- og sykkelveggar. Kryss mot R13 er ikkje med i planområdet. Det er heller ikkje brua over Raundalseva, som truleg må utvidast.

Alle rundkøyringar på riksveggar skal fråvikshandsamast. Desse sakene må til Vegdirektoratet. For fylkesveger er det fylkeskommunen som er mynde. Rundkøyring kontra T- kryss bør omtalast: kapasitet og arealbehov.

Det må etablerast gode gang- og sykkelveggar i heile Bømoen.

Planen forutset gang- og sykkelveg heilt til sentrum og god kollektivtransport. Dette er ikkje med i planområdet. I gjeldande NTP er det ikkje inne kryss og gang- og sykkelveggar i dette område, - og heller ikkje i neste periode. Ein kan difor ikkje venta økonomiske bidrag frå staten for desse tiltaka. T.d. må kommunen prioritera dei veggar/gang- og sykkelveggar som er naudsynt for å realisera planen.

KU-rapporten har tatt høgde for kollektivløysingar som kanskje ikkje vert realisert. Difor bør ein leggja til grunn større trafikk enn det som no ligg til grunn.

Det må leggjast inn rekkefølgekrav.

Planfrie kryssingar kan verta aktuelt. Slike må vera universelt utforma, og vert veldig arealkrevjande.

Parkering er i planen avgrensa for næringsområda. Dette vil krevja gode kollektivløysingar.

I dokumenta brukar ein omgrepet «busselskap». Dette bør endrast til Skyss.

Vegstandard må vera med i planen. Kven som skal finansiera veganlegga må og vera med. Her må ein ta med heile det naudsynte samanhengande vegnettet som det vert krav om. Dette er sentrale tema som bør synleggjerast, men tema som ikkje nødvendigvis må vera med i den endelege planen.

Fylkeskommunen vil truleg i større og større grad prioritera regionsentera og tilkomst med desse.

JORDRESSURAR OG VASSRESSURSAR

Dette tema omfattar forureina grunn og jord-, grus- og vassressursar.

Det er kjende område for deponi i planområdet. Det er tatt prøvar elles i området utan funn over aksepterte grenseverdier. Det er sett krav om opprydding - forureiningslova handterer dette.

Grunnvassressursar: NGU vurderer Bømoen som ein stor og god grunnvassressurs som eignar seg for vassforsyning. Den er og ein energiressurs. Ein del av planen vert regulert med omsynssone grunnvassressurs. Utbygging gjev litt auka risiko for redusert vasskvalitet. Uttak av grus i Aust har størst potensiale for å redusera vasskvaliteten.

Om grusressursane: Mineraldirektoratet har motsegnrett når det gjeld grusressursar. Grusressursen Bømoen er ikkje verna, og alt som er over grunnvasspegelen kan ein i prinsippet ta ut.

Det er forventa vekst og utbygging i Voss og det vert trong for byggjeråstoff. Det er ingen andre slike grusressursar i området. Nasjonale forventningar - om byggjeråstoff peikar på at ein skal ta vare på og sikra slike ressursar. Ved utbygging av nokre av områda i Bømoen vert grusressursen gjort utilgjengeleg. Planen i aust legg til rette for grusuttak.

NATURMANGFALD

Alt. 2 og 3 vil byggja ned store skogområde.

I aust er det negativt.

I Nord er det litt negativt i alternativ 3. Området misser naturmangfaldsverdi ved mindre grøntområde.

I Vest er det stor konsekvens fordi store skogområde vert bygd ned med det habitatet den representerer.

I sør har det liten betydning.

Det er viktig å ta vare på bekkekløfta i Raundalselva. Dette er ivaretatt i KU.

Ein saknar litt omtale av samanhengen med resten av kommunen sitt naturmangfald.

Klimaendringar: Er den flaumdempande effekten av Bømoen vurdert?

GENERELLE INNSPEL TIL KU OG PLANARBEIDET

Regjeringa ventar at fylkeskommunen og kommunar legg til rette for auka verdiskaping, innovasjon og vekst i nye og grønne næringar, samstundes som viktige natur- og kulturminneverdier vert tekne vare på.

Forventningsdokumentet er orientert mot det prosessuelle, og samla under tre overskrifter:

- ✓ *Gode og effektive planprosesser*
- ✓ *Berekraftig areal- og samfunnsutvikling*
- ✓ *Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde*

Fylkesmannen peikar på at det omfattande KU-arbeidet med fleire hundre sida der fleire konsultentselskap har vore involverte i arbeidet kan vere til hinder for «gode og effektive planprosessar». Fylkesmannen meiner difor at dokumenta bør forenklast, dette óg for å auka medverknad for publikum, statlege mynde og for betre handsaminga i kommunen.

Fylkesmannen inviterer planleggjar og Voss kommune til å ta direkte kontakt med aktuelle fagpersonar om dette vert vurdert som tenleg.

DERSOM YTTERLEGARE INNSPEL

Voss kommune inviterer deltakarar i regionalt planforum til å senda ytterlegare merknader og innspel til KU og planarbeidet i epost til Voss kommune ved Berit Marie Galaaen: berit.m.galaaen@voss.kommune.no

Frist for slike innspel vert sett til 8. desember.